Flekke ei bygd i vekst

Her er vi ♡

Vi som har valt å busetje oss her. Vi som har kjøpt hus, fått barn, ynskjer barn og har etablert eller ynskjer å etablere livet vårt i denne vesle bygda.

Vi er mange unge småbarnsfamiliar og unge par (sjå vedlagt uttale frå det eine paret) som har teke eit aktivt val om å satse på Flekke. Sjå vedlegg med bilete av oss alle saman og skriv om kor mange vi har blitt dei siste 7 åra. I ei tid der mange bygder opplever fråflytting, er vi ein del av grunnen til at Flekke opplever det motsette. Vi har valt å flytte hit, bli verande og skape ei framtid her.

Kvifor?

Fordi Flekke har det vi treng og ønsker for både oss sjølve og barna våre.

Her har vi eit levande bygdesamfunn, eit sterkt fellesskap, nærleik til naturen, trygge oppvekstvilkår og menneske som stiller opp for kvarandre. Her kjenner barna dei ein møter på butikken, på leikeplassen og langs vegen. Her er det kort veg mellom arbeid, heim, barnehage, skule og fritidsaktivitetar.

Og midt i dette står Flekke skule.

For oss er ikkje skulen berre ein bygning der barna skal lære å lese, skrive og rekne. Den er ein del av sjølve grunnlaget for at vi har valt å etablere oss her.

Skulen gir barna våre ein trygg og god start på livet. Han gir dei tilhøyrsle, vennskap og røter. Han skaper møteplassar mellom familiar og generasjonar, og er ein viktig del av fellesskapet som gjer Flekke til den bygda vi ønskjer å bu i. Og kanskje også for barna våre i framtida?

Når vi har valt Flekke, har vi ikkje gjort det tilfeldig. Vi har teke langsiktige val. Vi har investert pengar, tid og engasjement i heimane våre og i lokalsamfunnet. Vi har trudd på at Flekke er ei bygd med ei framtid.

Difor handlar diskusjonen om Flekke skule om langt meir enn tal i eit kommunalt rekneark.

Han handlar om kva slags kommune vi ønskjer å vere. Om vi skal leggje til rette for at unge familiar vel å busetje seg i bygdene våre, eller om vi skal gjere det stadig vanskelegare å ta nettopp det valet.

For kva signal sender vi til unge familiar som vurderer å flytte hit, dersom ein legg ned skulen i ei bygd der unge familiar faktisk har valt å satse?

For det er viktig å ha med seg at alternativet til å busetje seg i Flekke ikkje nødvendigvis er å busetje seg ein annan stad i Fjaler. For mange kan det også vere aktuelt å sjå mot andre kommunar eller land. Difor er det viktig at vi tek vare på det som gjer bygdene våre attraktive, slik at fleire får lyst til å busetje seg her og bli verande over tid.

Vi har gjort vår del. Vi har flytta hit, etablert oss, fått barn og engasjert oss i lokalsamfunnet.

No treng vi ein kommune som også tør å satse på oss.

Vi ber ikkje om særbehandling. Vi ber om at verdien av eit levande lokalsamfunn, og betydninga av ein nærskule, blir teken på alvor.

For vi er her. Barna våre er her. Framtida til Flekke og Fjaler er her.

Og vi ønskjer at endå fleire skal få moglegheita til å velje Flekke, slik vi gjorde.

Med helsing:

Anders og Anne Nikoline m/familie

Ingvild og Svein m/familie

Geir og Amalie m/familie

Alexander og Eivor m/familie

Sara og Einar m/familie

Harald og Kjersti m/familie

Marte og Adrian m/familie

Øystein og Lone m/familie

Vegard og Sandra m/familie

Arne og Myrtle m/familie

Marie og Torstein m/familie

Stine - Chris m/familie

Håkon Harry - Synnøve m/familie

Per Kristian og Jenny m/familie

Katrine og Knut Odin m/familie

Tommy og Iselin

Viljar og Natalia

Terese og Nikolai m/familie

Thea og Elid

Jimmy & Taren m/familie

David & Lykke m/familie

Mathew - Liusaidh

Alex & Sarah m/familie

Emma og Kiran m/familie

Christopher og Guro m/familie

Per og Ida

Marit og Svante m/famile